

## MØTEREFERAT – 171023

---

Til stede: Sjø vedlagt deltakarliste.  
Emne: Møte i Nasjonalbibliotekets strategiske råd  
Dato: 17.10.2023  
Til: Medlemmer i strategisk råd

---

Møtet fann stad på Thon Hotel Oslo Airport Gardermoen

### Dagsorden

1. Forlenging av rådet sin mandatperiode
2. Ny utvida bibliotekstrategi
3. Status for strategien (sjå vedlegg)
4. Orienteringar
5. Digital infrastruktur – drøfting (sjå vedlegg)

#### 1. Forlenging av rådet sin mandatperiode

Nasjonalbiblioteket sendte ut e-post i forkant av møtet om forlenging av rådets mandatperiode. Medlemmene av rådet fekk då høve til å melde frå dersom dei ikkje ville sitje lenger. Ingen har meldt at dei ønsker å gå ut av rådet, og vil såleis sitje ut heile den utvida perioden, ut 2025. Endringar grunna andre årsaker vil verte behandla fortløpande. Dette gjeld Knut Skansen som skiftar jobb og Randi Lundvall som har gått av med pensjon. Neste samling i rådet blir i samband med Bibliotekmøtet i Haugesund i midten av april 2024.

#### 2. Orientering om ny utvida bibliotekstrategi

Svein Arne Tinnesand orienterte om den utvida nasjonale strategien.

Oppdraget kom frå KUD desember 2022, notatet frå Nasjonalbibliotek vart levert mai 2023, og strategien vart lansert 29.09. 2023

Det er særleg tre hovudgrep:

1. Auka satsinga på lesing. Knyter strategien opp til lesestrategi som kjem vår 2024.
2. Digital infrastruktur. Bidra til etablering av ein felles nasjonal digital infrastruktur i norske folkebibliotek.
3. Utviding av strategiperioden, for å innfri intensjonane med tiltaket aktiv formidling.

Understrekar at den «opphavelege» strategien framleis er gjeldande, - i kombinasjon med den utvida. Til saman er det no 20 aktive tiltak. Dei gjeldande tiltaka kjem fram av statusrapportane som vert sendt ut saman med referatet.

### 3. Gjennomgang av ulike tiltak og status i statusrapporten:

#### **Utlysning av midlar. (punkt 1 og 5)**

NB orienterte om ulike grep, blant anna er terskelen for utviklingsmidlar heva til 300 000. Ved utlysinga av aktiv formidlingsmidlar oppfordrar vi fylkesbiblioteka til sende inn felles søknad for fylket. Dette for å oppnå to mål: at alle folkebibliotek deltek, og at det vert eit tettare samband mellom fylkesbiblioteka si kompetansesatsing Formidlingskompetanse i folkebibliotek og vidare satsing på aktiv formidling.

Innspel frå rådet om at bibliotek kan drive aktiv formidling utan å søke midlar. Rådet minna NB på å måle aktivitet også på andre måtar, ikkje berre gjennom søknadsmidlar. Rådet minna også om at ressursnedgangen i kommunane gjer det vanskeleg for enkelte å søke, sjølv om søknadsprosessen vert oppfatta som enkel. Det kom også innspel om at marknadsføring av aktivitetane kan vere ei utfordring. NB kommenterte at vi treng ei kartlegging av effekt på strategi og midlar etter denne perioden (jf. førre strategi), og at NB jobbar saman med rådet og feltet for å finne dei metodane som gjev best effekt, og som er lik for alle.

#### **Tilrettelagt litteratur (punkt 4)**

Norsk lyd og blindeskriftbibliotek (NLB) er no ei avdeling i NB, med nytt namn: Avdeling for tilrettelagt litteratur. Det er uttrykt i strategien at tenestene skal formidlast breitt ut i biblioteka. Det vert produsert ressursar til biblioteka om tenestene som er klare våren 2024.

#### **Leselyststrategien- (punkt 7)**

Punktet blir tatt opp ved neste rådsmøte våren 2024, ved lansering av leselyststrategien.

#### **Arbeid for auka tilgang til digitalt materiale. (punkt 8 )**

NB orienterte om mengdene av eiga samling som er digitalisert i dag, og om målet som er heile den norske kulturarven. 1/3 av samlinga er digitalisert i dag. NB jobbar no mykje med tilgjengeleggjering.

#### **Bokhylla- avtalen**

Ny avtale forhandla med KUD og Kopinor, lansert 13.10.2023. Frå 1.1.2024 vil alt som er utgjeve i Norge til og med 2005 vere opent tilgjengeleg for alle ip-adresser i landet. Dette er 200 000 nye titlar samanlikna med førre avtale. Kopinor ordnar med godtgjerslene til rettshavarane, og NB kan leggje ut materiale fortløpande utan at det kostar meir. (klumppris) Kostnadane: 24,5 millionar i året. Dette er ein prøvetilgang for 2024 og 2025. Det er også kontraktsfesta at innhaldet ikkje blir tilgjengeleg for chatGPT og Google.

Det kom positive kommentarar og applaus frå rådet. Dette er viktig bakkatalog for folkebiblioteka sine samlingar, og digitale infrastruktur. Rådet kom også inn på at biblioteka kan og må marknadsføre tenesta betre, og jobbe med tilgang og bruk på gode måtar.

Digital tilgang til pliktavlevert materiale.

Det er no fjerde forsøksår for å gje digital tilgang til pliktavlevert materiale til forskning og dokumentasjon.

- Tilgangen for forskarar via Feide: ujamn bruk, men fungerer godt.
- Tilgang via bibliotek, fysisk: Ser at dette har ein vanskeleg framgangsmåte, forlaga ønsker ikkje tilgang til alle, og ein ser at bruken har blitt knytt til pensumlitteratur.

I mars 2023 tok NB ut pensumlitteratur av ordninga, for å hindre misbruk. NB skal ha møte i november med rettshavande, og vil foreslå permanent løysing.

Kommentar frå rådet: UH biblioteka kjøper meir norsk faglitteratur enn før, dette kan det vere interessant å få tal på, og argument for at ordninga fungerer.

### **E-bøker og digital lydbøker**

NB oppfordra alle til å gje svar og innspel på høyring på forskrift til boklova. Dette er ei anledning til å sei at Stortinget sitt oppfølgingsvedtak om å utgreie biblioteka si tilgang til digitalt materiale må følgast opp av regjeringa.

Tilbakemelding om at fylkesbiblioteka leverer samla høyringssvar desember 2023.

### **Metadatabrønn (punkt 14)**

NB orienterte om at sjølve omgrepet no var ute av tiltaket, men skal jobbast vidare med.

## **4.Orienteringar**

### **Fjernlån**

NB orienterte om kva som er gjort av endringar frå juni 2023, endring i retningsliner og endring i algoritmen i Biblioteksøk. Nokre fylke har hatt eigne informasjonsmøte for å informere om retningslinene, og NB oppfordrar andre fylke til å følgje opp. NB ønsker å invitere til nettverksmøte med ulike aktørar. Utfordringane rundt pensumlitteratur er ikkje løyst, det vert vidare diskusjonar med UH-sektoren.

Det kom ymse tilbakemeldingar frå rådet. Blant anna informerte ein om at auka fjernlån ved UH-sektoren kan føre til stenging av fjernlånstenesta der. Innspel om at dersom alle kommunar fekk eit øymerka beløp til innkjøp av faglitteratur til studentar, (til dømes 60 000 kr) kan det bremse for høgt fjernlån av pensum. Andre kommenterte at transportordninga har vorte dårlegare og dyrare, og at kvaliteten også bør med i vurdering av ordninga. Andre kommenterte om ein kan vurdere DFB sine innkjøp og utval av språk i samband med behova ved fengsla og for andre utsette grupper.

NB svarte at dei prøver desse grepa først kring fjernlånet, og vil vurdere andre grep dersom dette ikkje held. NB vil også ta omsyn til og innspel om innkjøp vidare med DFB.

### **Bibliotekkortet**

NB orienterte om at ein er i mål med å løysinga å kople lånarregisteret til folkeregisteret. Ferdig ut i systemet desember. Vil jobbe vidare for å få lovhjemmel for å kople foreldre til barn. Etter at alle biblioteksystem er på same sikkerheitsnivå og med på løysinga, kjem det databehandlaravtale til signering til alle bibliotek.

Oppfatninga frå NB er at no når løysinga Bibliotekkkortet er lettare tilgjengeleg, vert forskjellane i digital tilgang blant ulike bibliotek geografisk meir tydeleg.

Positive tilbakemeldingar frå rådet. Ein kommentar om at det er kommunane sitt ansvar å gje sine borgarar gode tenester og eventuelt dei same tilgangane (ikkje staten). NB understreka at kryssingspunkta mellom lokalt og nasjonalt ansvar og også kostnadane, blir ein viktig diskusjon framover.

### **Endring i yrkeskvalifikasjonsforskriften**

[Forslag til endringer i forskrift om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner er no ute til høyring.](#)

I samband med forskrifta vert det innført eit direktiv som seier at ein må prøve yrkeskvalifikasjonar opp mot forholdsmessighet (forholdsmessighetsprøvingsdirektivet). Høyringsforslaget gjennomfører direktivet i norsk rett for yrker som vert omfatta av yrkeskvalifikasjonslova.

Paragraf 5 i biblioteklova om fagutdanna bibliotekleiar vil såleis verte vurdert opp mot dette direktivet, og det er den ansvarlege myndigheit for godkjenning av yrkeskvalifikasjonar som må dokumentere eksplisitt kvifor det eventuelt skal innførast kvalifikasjonskrav for å utøve eit yrke.

NB har i eit notat spurd departementet korleis ein skal handsame at paragraf 5 og 7 i biblioteklova ikkje er i samsvar med direktivet.

### **Statistikkinnsamling**

Orientering frå NB. Arbeidet med ei større endring i innsamlinga av fagbibliotekstatistikk er ferdig. NB har nedsett eit fagutval for folkebibliotekstatistikken som vil gå gjennom og vurdere innsamlinga av statistikk for folkebibliotek. Utvalet består av Jannicke Røgler, Øystein Stabell, Trygve Kikut og Anja A. Mjelde.

### **Digital formidling**

NB ønsker synspunkt frå rådet om interesse for at NB prioriterer å dele/strøyme arrangement ut til folkebiblioteka, og eventuelt også å skipe lokale arrangement, jf. punkt i strategien: «Nasjonalbiblioteket skal tilgjengeliggjøre egne arrangementer digitalt, og legge til rette for kompetanseutveksling med andre bibliotek knyttet til digital sceneformidling»

Det var ulike tilbakemeldingar frå rådet som vart teke i mot som positive, og med diskusjon rundt kostnader, marknadsføring og lokal tilpassing. NB tek tilbakemeldinga med tilbake til organisasjonen.

## **5. Digital infrastruktur – drøfting**

Det var sendt ut eit drøftingsnotat på førehand (sjå vedlegg)

Oppdraget frå strategien

- Dialog om felles infrastruktur , inkludert kva vi vil ha av innhald
- Og om korleis dette skal organiserast gjennom lov og økonomisk driftsmodell.

Nasjonalbiblioteket ønsker innspel og tilbakemelding frå rådet om korleis NB skal setje i gang arbeidet jamfør notatet som vart sendt ut i forkant av møtet.

Stikkord frå diskusjon og tilbakemeldingar frå rådet som følger:

Om arbeidsprosessen og eigarskap:

- Godt notat med mange spørsmål. Kjernespørsmål er kven som skal eige og kven som skal betale drift. Eit stor prosjekt som må delast ned i handterbare deler. (elefant)
- Korleis skal ein rigge prosjektet? Ein må få eigarane og forvaltarane på banen og inn i styringsgruppe på prosjektnivå. Ikkje berre bibliotekfeltet som må drive dette framover.
- Må vere realistiske på kva vi klarer på to år, (strategiperioden) både når det gjeld prosjekt og driftsfasane. Og ein må snakke med aktørar utanfor biblioteka, td. KS
- Forslag om å definere behovet, slik at ein blir einige om kva innhaldet skal vere. Forslag om å setje ned ei arbeidsgruppe til utredning utanfrå som er gode på tenestedesign.
- Innspel på at det er viktig å svare på kvifor gjer vi dette? Og lage eit vegkart, så kommunisere til KS og andre aktørar– på enkelt nivå kva og korleis.
- Avklare forventningar vi må ha til kvarandre på tvers av forvaltningsnivå.
- Minna på at ein er avhengig av å få med eige felt på tanken, når vi går mot ei standardisering- det kan vere vondt. Kommunikasjon viktig.
- Forslag om prosesseminar, eventuelt workshop om kva arbeidet inneberer.

- Understreking av prosjektorganisering og tidslinje er viktig.

Andre prosessar og erfaring å ta omsyn til:

- Godt tidspunkt- momentum – fylkeskollegiet er på plass og har ei stemme.
- Spørsmål om digitaliseringsstrategien vil ha noko å seie? Og om det finnes andre døme på liknande prosjekt utanfor vår sektor?
- Innspel om å bruke god tid på å definere kva denne løysinga skal vere- erfaring frå kommersielle aktørar som ønsker å putte for mykje inn. Må ha fokus på API-ar og enkle løysingar som skal inn.
- Biblioteka må setje krav til bibliotekleverandørane
- Understrekar at det viktig for bibliotek og eigarar å vite at ein kjøper seg inn i ei utvikling, like mykje som ferdig produkt.
- IKS-løysinga med tenester vert no utarbeida saman med kommunane og KS – det kan vere lurt å bruke dette som inngang inn til kommunane si forståing av biblioteksektoren
- Bruke Deichman og Rogaland sitt prosjekt som erfaringsgrunnlag.
- Kommentar om at kommunen kutter ned facebook og dialog med innbyggjarane. Treng ny formidlingsløysing. Bibliotek24 har vore viktig for kvalitet til innbyggjarar.
- Minna på at UH-sektorens kompetanse om liknande utvikling kan nyttast.

Om innhald:

- Innspel om å satse på formidlingsløysing. Mykje innhald blir produsert i dag som er lite brukt og for lite kjent. Deichmans erfaring er at det ikkje finnes ei god nok formidlingsløysing tilgjengeleg i marknaden i dag, og at ein treng midlar for å kjøpe ei utvikling.
- Ulike kommunar vil ha ulike tenester dei vil kople seg opp mot. Ein må ha enkel løysing for å kjøpe tenester, men felles formidling av innhald er vegen å gå.
- Spørsmål om korleis vi kan utnytte det felles innhaldet NB har jobba for? Bibliotekkortet, metabronn, bokhylla.
- Samanheng bibliotek og kommune er svært ulikt rundt om i landet, og ei formidlingsløysing må seljast inn og koplast på kommunens kommunikasjon eller evt. frigjerast.

Oppsummering:

Det ei einigheit i rådet om at ei satsing på formidlingsløysing er viktigast i noverande strategiperiode. Det må definerast klart kva ei slik løysing består av og kor eigarskapet skal liggje. Dette må til for å sikre både at det vert utvikla noko som kommunane ser verdien av og vil betale for, og for å sikre vidare utvikling. Det må etablerast ei tidslinje for det vidare arbeidet dei neste to åra, der kommunane og andre aktørar må involverast.

Nasjonalbiblioteket takkar for innspela og vil setje i gang det vidare arbeidet umiddelbart.

Notat til fylkeskultursjefane frå fylkesbiblioteksjefskollegiet som vart nemnt i møtet.

[Digital infrastruktur – notat til fylkeskulturdirektørene](#) (februar 2023)

[Felles formidlingsløsning for folkebibliotek – notat til fylkeskulturdirektørene](#) (november 2022)

**Vedlegg:** Deltakarliste